



Jazzgutta er på plass også i år

**Laurdag 28. juni er det klart for Bøkkerkveld nummer 17 i verkstaden på Rød. Det vert som vanleg ein allsidig kveld med noko for einkvar smak, men førebels har berre 15 meldt seg på medan det er plass for 50! Dei som er interessert i gamle motorskøyter har til dømes noko fint å henta, for Forthuna med loddebåt vil leggja til kai. Dette verneverdige farty frå Hundvåg som Runar Myklebust og Arne Møller eig er ein praktfull båt..**

Ein fast knagg på bøkkerkveldprogrammet er jazzen, som skaper stemning i sjøbruksmiljøet og blir leia av Kjell Borge Olsen som usliteleg trommis. Sonen Leif spelar gitar, Bjarne Øymyr elpiano, Alex Grieg bass og Arve Ovesen trompet.

Ellers må det nemnast at Grunnlovsjubileet naturleg nok vert markert også ved dette høve, at det vert overrekt eit byggeskilt til Fjordabåten ved eldsjelen Harald Sætre frå Uskedalen og at det vert båltenning i stranda ved midnatt. I det heile ein stemningsfull kveld.

Menyen er sjølsagt også den faste og inneheld lubbesild og potet som vert servert med skalet på.

Forsøm heller ikkje i år denne faste hendinga i kulturprogrammet i Uskedalen! **Nummeret er 915 31487**

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Staseleg skøyte som vert presentert på bøkkervelden